

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A, V, SV og MDG fram slikt forslag:

“Alternativ:

Punkt 1.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3- i tråd med tilrådingane i saka. Og med følgjande endringar:

- a. Krav til redusert storleik på båtane må ikkje føre til dårlegare regularitet i sambanda.
- b. Ved forlenga anbudsperiode til 7 år + opsjon vert det stilt krav til universell utforming for rute 14-318 og 14-334. Passasjerar skal kunne kome ombord- og i land ved eiga hjelp, og det skal vere toalett tilpassa rørslehemma.
- c. Oppdragsgjevar tillet differensiert passasjersertifikat i trafikksvake periodar, men med krav om at alle passasjerar skal kome med / evt at ein går ekstraturar.
- d. For ruta til Gåsvær og Færøy skal ein ta høgde for lokalt næringsliv sitt behov vedk leirskule på Litle-Færøy og Øyhopping Solund-Askvoll. Dette har vore ei vellukka reiselivssatsing.
Det er ei kommersiell rute i forlenging av ruta til Gåsvær. Fylkesutvalet ønskjer at anbudsutlysinga skal utformast slik at dette framleis vert mogeleg, men at det blir gjort på ein måte som ikkje er konkurransevridande.
- e. Det vert innført ein klimabonus på rute 14-318 og 14-334 dersom det vert gjort tiltak for nullutslepp innanfor anbudsperioden.”

Fylkesordførar sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Fylkesutvalet sender saken tilbake til hovudutval for samferdsel og mobilitet for ny handsaming.»

Avrøysting til utsetjing

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet sender saken tilbake til hovudutval for samferdsel og mobilitet for ny handsaming.